

# Sju måtar å vere interessant på

Vi er alle tekstanalytikarar.

Kven ville tru at ein analyse av *vedlegget* til Odelstingsproposisjon nr. 24 (1960–61) kunne gje leseglede? Men i Kristin Asdals siste bok er det faktisk tilfellet. Analysen hennar overgår ikkje berre det meste av det eg har lese av dokumentanalyse av statsvitarar og historikarar (og eg har lese altfor mykje ...), eg trur han ville vere av interesse for mange som er meir allment interesserte i tekstanalyse. Og det er jo dei fleste av oss, anten vi er kjende med det eller ikkje. Alle tekstprodusentar og -lesarar er også tekstanalytikarar.

Men tekstanalysen, i dette tilfellet den heilt konkrete demonstrasjonen av måten tekstar (om) formar saksforhold, er berre ei av dei opplysende sidene ved denne boka. Ho er interessant på minst seks andre måtar.


Boka gjev innsikt i norsk miljøpolitikk og kombinerer oversiktsbiletet frå mange års forskning med detaljerte skildringar. Ho dreg linene mellom fluorforgiftning i Årdal og etableringa av Statens røykskaderåd i femtiåra, verknadskrafta til det ikkje-eksisterande oljekraftanlegget på Slagentangen, den vitskapeleg-politiske prosessen med etablering av naturens talegrenser i 80-åra (der auren fekk siste sukk når det gjaldt talegrensa for sur nedbør) og økonomane sin omgripande omgrepdominans på norsk klimapolitikk i 90-åra.

Ho demonstrerer ein bestemt måte å analysere politikk og politiske prosessar på, der merksemda vert retta mot politisk praksis, «politikken teknologiar», eit omgrep som ikkje minst rommar vitskapelege praksisar (laboratorieprøver, klimamodellar, økonomiske modellar), og talfesting som politisk mobiliseringsmetode.

Boka demonstrerer også korleis forståinga vår av ulike delar av naturen, av tilhøvet mellom oss og desse delane av naturen (klima, vassdrag, dyr) vert skapt gjennom slike teoriar og modelar. Og ho viser, heilt konkret og stegvis, korleis vi menneske skapar desse modellane, ein skapingsprosess som av og til tek

form av vitskapelege innovasjonar, men ofte er resultat av forhandlingar og utprøving, slik at tilfeldige avgjerder vert avgjerande statlege reguleringar.

Boka demonstrerer også ein bestemt akademisk forteljarstil, dominerande blant norske historikarar på deira beste. Hovudteksten, sjølve forteljinga, er til-



Kristin Asdal  
*Politikkens natur. Naturens politikk*  
Universitetsforlaget, 2011  
304 sider  
Rettl. pris: kr 309

synelatande enkel, og dei berande analytiske omgrepa er integrert i ein tekst som er klart formulert og leseleg for dei med relativt små forkunnskapar. Men teksten har også intensjonsdjupne og er i dialog med dei som har meir omfemnande kunnskap, ein dialog som finn stad i notane – og, i dette tilfellet, det sjuande kapitlet.

Boka er opplysende for dei som trur at forskarar som er forankra i Foucaults sosialfilosofi, med nødvendighet skulle ende opp med obskure analysar. Asdal er sterkt inspirert av Foucault – og analysane hennar er velskrivne, lettfattelege og etterprøvelege. Ho er også opplysende for dei som trur at forskarar som er forankra i vitskapsosjologi av Bruno Latours type, med nødvendighet skulle ende opp med relativistiske analysar. Når Asdal viser korleis Veterinærklinikken i 1930 – gjennom vitskapelege forsøk som til slutt medførte at dei lidande forsøksdyra vart avliva – etablerte eit årsakssamband mellom fluorut-

slepp, grasprøver og sjukdom og til slutt daude hos husdyr, stiller ikkje analysen hennar spørsmål ved validiteten i klinikkens analyse.

Sist, men ikkje minst: Denne boka – som fortel noko om kunnskapstradisjonar blant så ulike yrkesgrupper og disiplinær som ingeniørar, biologar og økonomar, og som analyserer desse kunnskapstradisjonane gjennom historiefagets metode og empiriske forankring, men kompletterer med teoriar og innsikter frå andre fag, ikkje minst sosiologien – er eit godt døme på kva ulike fagtradisjonar kan stå saman om. Ho stadfestar eit minste felles multiplum for det vi kan forstå som vitskap på tvers av empiriske disiplinær: 1) at empiriske fakta er eit trumfess ved vitskapelege kontroversar, 2) at all empiri er teoriinformert, men nokre teoriar er meir dekkande enn andre, og 3) at metoden, prosedyren for å samle inn og analysere data, avgjer om ei tilnærming er vitskapeleg eller ikkje.

Denne treeinigheita er eit skjørt utgangspunkt, men det er eit utgangspunkt som mellom anna vil definere det Knut Ågotnes så treffande har omtalt som teoretisk og empirisk impresjonisme (det vil seie at ein eklektisk koplar saman teoretiske omgrep og empiriske funn), som uvitskapeleg verksemd. Og eg trur ikkje det er tilfeldig at det er ein norsk faghistorikar som Asdal som har nytta Foucault – som elles har gjeve opphav til mange norske impresjonistiske arbeid – på ein slik førebiletleg måte. Eg trur det er noko ved det norske historiefaget som gjer det relativt resistent mot teoriimpresjonisme. Det er neppe den vitskapelege framstillingsforma: Det å plassere teoretiske drøftingar i underteksten – i notane – ville ein tru kunne opne for slik impresjonisme. Kanskje det er den historiske metoden og empiriens status som er fagets vaksine?

AV ODDGEIR OSLAND

## Forteljingar om norsk uskuld

Synne Corell  
*Krigens ettertid. Okkupasjons-  
historien i norske historiebøker*  
Scandinavian Academic Press,  
2010  
218 sider  
Rettl. pris: kr 329



Jødane som ikkje flykta i tide, hadde skulda for det sjølv, for ingen kan seia at dei ikkje vart átvara. Det norske samfunnet var grunn-

leggande godt også under krigen. Slik kan historiebøker kamuflera den organiserte norske deltakinga i naziokkupasjonen. Poenget til Synne Corell er velkjent: Vinnarane skriv historia, og deira kulturelle og symbolske behov vil prega både temaval, språkføring og bilettal i bøkene. Slike underliggende motiv kan oppdagast i allslags tekstar viss ein ser nøye etter, og det har Corell gjort.

*Krigens ettertid* er basert på ei doktorgrad i historie ved Universitetet i Oslo, og som alle gode avhandlingar er ho stramt organisert. Corell har fyrst eit metodisk og historieteoretisk kapittel og deretter den same analytiske behandlinga av tre forskjellige historieverk utgitt i ein femtiårsperiode frå 1940- til 1990-talet.

Verka er skrivne av faghistorikarar i samarbeid med politikarar, soldatar, journalistar og andre som i varierende grad var augevitne til krigen. *Norges krig* (Gyldendal, tre bind) vart skriven frå 1947 til -50, og alle forfattarane står midt i historia som augevitne til og aktørar i krigshendingane. *Norge i krig* (Aschehoug, åtte bind) vart utgitt 1984-87 og er skriven av augevitne og unge forskarar frå etterkrigsgenerasjonen. *Norsk krigsleksikon 1940-45* (Cappelen, eitt bind) vart utgitt i 1995, og alle forfattarane har trygg historisk og akademisk avstand til krigen.

Bøkene har det same retoriske grepet: Dei hevdar at den norske deltakinga i krigsagendaen til nazistane var eit spesialtilfelle og ikkje er uttrykk for den eigentlege norske karakteren. Corell analyserer grundig korleis ansvarsfråskrivninga blir formidla, og påpeikar blant anna passiv verbbruk («jøder ble uttransportert»), og